

Musikk + drama = mattekunnskapar

► **Musikk + drama = mattekunnskapar.** Dette reknestykket blei for kort tid sidan presentert av NRK Nyheter – kultur, og Utdanning omtalar også saka 28. september. Det er kanskje ikkje så mange «rekne-kunnige» som vil sette to strekar under svaret og R i margin. Likevel er utgangspunktet både seriøst og vitskapleg vel fundert.

Unesco har tatt initiativet til ei verdsomfattande undersøking om undervisning i kunst og kultur for barn i skolen. Undersøkinga har studert eksempel frå meir enn 60 ulike land.

Er det norske kunst- og utdanningspolitiske miljøet klar for å ta inn over seg konklusjonane i Unesco-rapporten om kunstundervisning i skolen? Vil professor Anne Bamfords resultat, slik dei vert presenterte i boka «The Wow Factor», få konsekvensar for samarbeidet mellom kunst- og utdanningsfeltet her i landet?

Unesco-undersøkinga viser at kvalitetsundervisning i kunst i skolen har svært mange positive effektar. Dette viser seg både i skulefaglege prestasjonar og i kulturell og sosial samanheng. Mange med erfaring frå skoleverket vil kjenne seg att i forskingsresultat som nå slår fast at god kunstundervisning verkar involverande og gjer barn kreative og lærevillige. Det som kanskje er meir oppsiktsvekkande, er at dårleg kunstundervisning har negativ effekt. Med andre ord – viss ein ikkje vil satse på kvalitet, er det betre å la kunsten vere.

I Noreg blir det dette skoleåret satsa 167 millionar på Den kulturelle skolesekken. Det er flott. Men samtidig har vi fått ei lærarutdanning der praktisk-estetiske fag ikkje lenger er obligatoriske. Mange lærarar vil møte skolekvardagen utan kompetanse i desse faga. Fleire lærarutdanningsinstitusjonar har allereie kuttet ned på undervisningstilbodet i estetiske fag. Kanskje har det gått litt over stakk og stein med oss her – i angsten for ikkje å kome godt nok ut på internasjonale læringsstatistikkar. Prioritering av basiskunnskap i språk og matematikk er nødvendig, men om evna til kreativitet og involvering vert svekka, blir det samla læringsutbyttet magert.

«Prioritering av basiskunnskap i språk og matematikk er nødvendig, men om evna til kreativitet og involvering vert svekka, blir det samla læringsutbyttet magert.»



Foto: Tony Hall

Av: Aud Folkestad

> leiar av Fagutval for barn og unge og medlem i Norsk kulturråd
Dekan ved Avdeling for kulturfag, Høgskulen i Volda

Det er heilt avgjerande for å heve kvaliteten på norsk skole at vi skaffar oss meir kompetanse på kunstfeltet. Lærarutdanningane må la studentane både oppleve og skape, om dei skal kunne gå ut i skolen og lukkast med god undervisning i kunst og kulturfag.

Hausten 2006 kom evalueringa av Den kulturelle skolesekken: «Ekstraordinært eller selvfølgelig». Evalueringa peikar på manglande samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Den etterlyser eit betre samarbeid mellom lærarar og kunstnarar og mellom miljø med barnefagleg og kunstfagleg kompetanse.

Noreg si satsing på Den kulturelle skolesekken har vekt internasjonal oppsikt. Målsettinga med ordninga er på mange måtar i tråd med tilrådingane som ligg i Bamfords konklusjonar. Stortinget har slått fast at elevar i grunnskolen gjennom Den kulturelle skolesekken skal få eit profesjonelt kulturtilbod. Så langt er det ikkje dokumentert i kva grad dei faktisk får det. Stortingets målsetting er vidare at elevane skal «få et positivt forhold til varierte kunst- og kulturuttrykk og utvikle en helhetlig og bevisst innlemmelse av kunstneriske og kulturelle uttrykk i realiseringen av skolens læringsmål.» Dette er ambisjose mål, og ein kan ikkje nå dei utan å leggje vekt på kompetanse og profesjonalitet.

Norske elevar trivst stort sett på skolen. Den store utfordringa er å auke det som i skolevurderingane ofte blir kalla for læringstrykket. Trivsel kombinert med større læringsappetitt er eit svært godt utgangspunkt. No har vi fått dokumentert ein effekt som mange av oss har trudd på lenge.

Unesco-rapporten legg stor vekt på alle dei positive konsekvensane av satsing på kunst i skolen. Kunstundervisning gir helsegevinst og har positiv verknad for barn i risikosona. Den involverer og aukar læringsutbyttet. Somme vil kanskje vere redde for at dette kan opne for eit instrumentelt syn på kunst. Her er det viktig å minne om at det er sjølve opplevinga som ligg til grunn for dei positive effektane. Det held ikkje med det halvgode, det likegyldige. Reaksjonen skal ikkje vere ein geisp, men, som Anne Bamford skriv, eit: «Wow! Isn't it great...?»